Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

Ap. 24.11.76.

114575

# Aktstykke og argument i okkupasjonshistorien

Av professor, dr. philos. Magne Skodvin

II

Med glede konstaterer eg påny at Einar Syvertsen også denne konge og regjering 7. juni 1940. dar falla. Han fører også inn ein del nye. Til dei deler av innlegget som gjeld saklege spørsmål, har eg eit par merknader.

Syvertsen argumenterer mellom anna slik: Norge deltok ikkje i fredskonferansar og stormaktsmøte etter krigen — altså var Norge heller ikkje med i krigen.

Dette er feil. Det er knapt nødvendig å diskutera sjølve argumentet, som er tvilsamt nok, for sjølve opplysninga er ukorrekt. Ved konferansen i Paris 1946, den einaste internasjonale konferansen etter andre verdskrigen som var lagt opp til og vert omtala som «fredskonferanse» i full stil, var Norge representert, etter innbyding frå dei fem store allierte. I forordet til den offisielle amerikanske dokumentsamlinga, «Paris Peace Conference 1946», utg. av det amerikanske utanriksdepartement, heiter det at innbydingar vart sende til «all other members of the United Nations which had actively waged war with substantial military force against European enemy states». Konferansen skulle drøfta fredstraktatane med Italia, Romania, Bulgaria, Ungarn og Finland. Utanriksminister Halvard Lange var sjef for den norske delegasjonen, og mellom dei delegerte var til dømes C. J. Hambro, Terje Wold og Arne Ording.

Men Syvertsen har venteleg rett i at Norge ikkje har delteke i «stormaktsmøter» etter krigen. Norge er ikkje ei stormakt.

Han lastar ei nordnorsk avis for sitatfeil i proklamasjonen frå Konge og Regjering 7. juni 1940. Eg kjenner ikkje saka — og det er då heller ikkje mi sak. Men han kjem sjølv i skade for å sitera feil, nemleg slik: «De (kongen og regjeringen) ville så langt det var gjørlig opprettholde det norske rikes selvstendige liv i fremmed land.» Dette er både ukorrekt og temmeleg ufullstendig. Den delen av proklamasjonen som truleg må ha gitt utgangspunkt, lyder meir fullstendig og korrekt sitert slik:

«. . .

Under disse vilkår er det umulig å holde kampen oppe her i landet mot en overmakt som den tyske. Vår forsvarsstyrke har kjempet med mot og tapperhet i to måneder.



*Professor Magne Skodvin*

forlate Norges grunn, vi er bestemt på å sette alle våre krefter, vårt liv og alt vi eier, inn for Norges sak. Vi tror på at vi snart skal få komme tilbake til et fritt og selvstendig Norge, og vi håper vi skal kunne gjøre det med ære.»

Dette var den norske politikk 7. juni 1940, og den var ikkje hemmeleg.

Teksten er trykt hos Undersøkelseskommisjonen av 1945, Bilag, bd. 2, s. 311—12, etter originalen som er vedlagt Statsrådsprotokoll 7. juni 1940. For ordens skuld har eg også kontrollert ordlyden ved hjelp av eit opptak som vart gjort då Halvdan Koht las opp proklamasjonen i Tromsø radio. Opptaket vart sendt ut om ettermiddagen 9. juni. Originalopptaket finst i Norsk Rikskringkastings arkiv.

Syvertsen spør om eg vil medverka til at kapitulasjonsavtalen «nu blir fremlagt efter 30 års eksistens i det skjulte?». Nå kjenner han sjølvsagt til at avtalen i avskrifter har vore lagt fram mange gonger. Men han etterlyser avtalen i «original skikkelse». Det same gjer eg. Dette er vi enige om.

Han «har regnet med» at underskrivne kjenner den militære undersøkelseskommisjons innstilling, og «derfor sannsynligvis hittil har vært enig i at den sammen med kapitulasjonsavtalen burde forbli skjult».

Som eg fleire gonger har gitt ord for, bør vi løfta oss eit stykke over insinuasjonsnivået, så den

pass velinformert mann i kretsen omkring Qusling som major Kjelstrup, til Quislings kanselli, hausten 1941, om dei vanskelege drøftingane vedrørande den norske legion, og kommenterte det tyske avvisande standpunkt slik: «Selv om en ikke kan anerkjenne riktigheten av de synsmåter som gjøres gjeldende og selv om det er overmåte sterke argumenter imot denne tilsynelatende uangripelige jus, så er det helt opplagt at henvisningen til *den faktiske krigstilstand de jure* som enno råder mellom Tyskland og Norge er en faktor av *avgjørende betydning for opinionen i Norge m.h.t. legionen* og dermed en *avgjørende hindring for stor tilslutning til den.*» (Kursivering som i originalen.)

Dokumentet er interessant på fleire andre måtar óg. Det gir oss til dømes, i konfidentielt brev til Quislings kanselli, både det tyske syn som Kjelstrup vart møtt med, og Kjelstrups vurdering av norsk opinion i dette spørsmålet.

Dette er forresten inderleg vel kjent for ei rekkje sentrale gaml N.S.-folk, men truleg også ukjer for mange.

I forbifarten konstaterer eg ε mistak til, nemleg at forsvar sjefen skulle ha underskrive a talen i Trondheim på vegne av d norske forsvarsmakt. Forsva sjefen — eg går ut frå at Syvert meiner general Ruge — und skreiv ikkje avtalen. Oberstl nant Roscher-Nielsen undersk etter fullmakt. Forsvarets o kommando hadde ingen fullma til å forhandla om «den n forsvarsmakt». I ordre frå

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie 2014

[illegible] utgangspunkt, lyder men fullstendig og korrekt sitert slik:

«. . .

Sjøl på disse vilkår er det umulig å holde kampen oppe her i landet mot en overmakt som den tyske. Vår forsvarsstyrke har kjempet med mot og tapperhet i to måneder, mangler det nødvendige krigsmateriell, særlig ammunisjon og kampfly og kan ikke lenger få det. Fortsatt kamp ville bare føre til fullstendig ødelegging for de landsdeler som enda er frie. For tyskerne sparer i sin krigsførsel likeså lite de fredeligste byer og bygder som de militære motstandskrefter.

Forsvarets Overkommando har derfor rådd Kongen og Regjeringen til foreløpig å oppgi kampen innenlands. Og Kongen og Regjeringen har funnet det som sin plikt å følge dette råd. De flytter derfor nå ut av landet.

Men de oppgir derfor ikke kampen for å gjenvinne Norges selvstendighet. Tvert imot — de vil holde fram med den utenfor landets grenser.

De har det faste håp at de tyske overfallsmenn snart skal bli tvunget til å gi fra seg sitt bytte, og at det norske folket — sammen med andre folk som nå lider under tysk underkuing — atter skal få sin rett og sin frihet.

Norges Konge og Norges Regjering vil i denne kampens tid være de frie talsmenn for det norske folks nasjonale krav. De vil så langt som det er gjørlig opprettholde det norske rikes selvstendige liv, således at ingen av de rettigheter som tilkommer en fri stat, skal bli forspilt. Det vil være deres oppgave å verne om landets og folkets politiske rettsgrunnlag, så vårt fedreland i seierens stund kan tre fram og hevde sin nasjonale frihet.

Det norske Stortings president står sammen med Konge og Regjering i denne kamp.

Like ens sjefene for Norges hær og orlogsflåte.

— — —

Vi som sender dette ropet til dere i den stund vi er nødt til å

**Da Johnny Cash brøt ut av narko-helvetet**

Den berømte folkesanger var kommet til veis ende — et nervevrak, utslitt og angstfylt. Hvordan han fridde seg fra narkotikarusens tyranni, er et gripende drama fra virkeligheten. — I desembernummeret av DET BESTE. 2

55

ling, og «derfor sannsynligvis hittil har vært enig i at den sammen med kapitulasjonsavtalen burde forbli skjult».

Som eg fleire gonger har gitt ord for, bør vi løfta oss eit stykke over insinuasjonsnivået, så den sida skal eg la liggja. Men når Syvertsen «regner med» dette, då reknar han dårleg, og som ein større historikar har sagt: «En Helt der regner slet, er meget at beklage.» Eg kjenner akkurat så mykje av den innstillinga som Syvertsen og alle andre lesekyndige kan kjenna, nemleg det som er offentleggjort, og ikkje ein bokstav meir. Eg har ingen autoritet over den, har aldri vore med på råd om den, og er sikker på at vi begge to ville diskutera med større sakkunnskap om den nå omsider vart gjort tilgjengéleg. Syvertsen ville stilla meg «et klart spørsmål». Eg vonar dette er eit klårt svar.

Så utfører Syvertsen eit resonnement omkring distinksjonen mellom krigstilstand «de facto» og «de jure»: «Det som alltid har vært gjeldende . . . er at krigstilstand de facto — i denne artikkel benevnt som «faktisk krigstilstand» — er situasjonen når kamp pågår og våpnene taler. Krigstilstand de jure, i denne artikkel bare benevnt «krigstilstand», er når kampen er slutt, og våpnene nedlagt i påvente av fredsslutning.»

Dersom nå dette var rett, så var altså til dømes USA, Storbritannia og Sovjetsamveldet ikkje de jure i krig med Det tredje rike før etter 5. mai 1945. Det trur eg, mildt sagt, at Syvertsen tek feil i.

Nå er eg ingen folkerettslærd, og vågar ikkje definera så handfast som Syvertsen. Men med krigstilstand de jure meiner eg krigstilstand i rettsleg meining, formelt og forpliktande. Ut frå dette synspunktet er eg enig i at det rådde krigstilstand, også de jure, under okkupasjonen. Men folkerettslege vurderingar vil eg overlata til ekspertar.

Etter Syvertsens meining kan det i det heile ikkje koma i stand krigstilstand de jure før etter at «kampen er slutt». Også dette spørsmålet overlet eg — tillitsfullt — til ekspertar.

Syvertsen kjem inn på Quislings vurdering av den folkerettslege tilstand. Nå brukte Quisling, så vidt eg kjenner til og kan minnast, aldri i det heile det uttrykket Syvertsen har valt, nemleg krigstilstand de jure. Derimot nytta han fleire gonger det litt uvanlege uttrykket fredstilstand de facto, eller liknande vendingar. Her har altså Syvertsen eit anna syn enn Quisling, men det er truleg gjennomtenkt.

Distinksjonen mellom «faktisk krigstilstand» og «krigstilstand», etter Syvertsens definisjon, kan knapt ha vore særleg klår under krigen. Til dømes skreiv ein så

Tor Edvin Dahl:
SAMENE I DAG — OG I MORGEN
Gyldendal 1970.

« . . . Vi blir jo som negrene! Slike som Dem! Ja, De mener det sikkert godt, men hør på meg,

BOLS
- berømt siden 1575 -
CREME DE BANANES
HERLIG LIKØR MED BANANSMAK